



Aleksander Rebaudo (til høgre) syng solo og imponerer koret.

**Klokka 17 søndag ettermiddag bør det bli valfart til Aktivitetshuset for då blir adventa i bygda innleia med 2 timar vakker song og spel.
Det er Røyserverett for alle dirigert av ustoppelige Maria Malmsten som ber inn og Kvinnherad Folkemusikklag er blant gjestene**



[Dirigent Maria Malmsten er ei sprudlande oppleving.](#)

Likevel er det grunn til å tru at dei unge talentane med bakgrunn i kulturskulen, som det er mange av i både Kvinnherad og Uskedalen., kjem til å bli hugsa lengst. Dette blir ein minnerik konsert for heile familien, lovar koret.



Syngande karer på høgt nivå: Oscar Langballe, Kjell Magne Haugland, Lars Henrik Skogtun og Jostein Grov.

Grappa av unge talentar blir toppa av den 17 år gamle uskedelingen Alexander Rebaudo, som under øvinga i Helgheim denne veka imponerte koret med den vakre tolkinga si av "Jul, jul, strålende jul". Ein annan tenåring som skal syngja solo er uskedelingen Birte Nybakk og ein tredje Ingrid Handeland frå Valen. To akkompagnerer på piano – det er uskedelingen Ingebjørg Hauglad og Louise Årthun frå Åkra.

-Det er fantastisk spennande og givande å jobba med dei unge, seier Maria Malmsten.



Oppvarminga til koret denne veka skjedd i ytterklede!

Uskedalens svært lovande muskar Vegard Døssland går etter kvart i ein klasse for seg og har ein eigen avdeling. Han har igjen støtte av tremannsgruppa som tar til å bli fast og som består av Lars Storegjerde frå Løfallstrand på piano, Stein Haugen frå Rosendal på kontrabass og Sindre Aksnes frå Uskedalen på trommar. Røysterett for alle har øvd inn fleire nye julesongar og kan by på eit allsidig program med 10 songar toppa av "Glade jul" i eit nytt og spennande arrangement av Paul Blitz og "Jul, jul strålande jul". I "Feliz Navidad" slepp koret seg skikkeleg laus.

Folkemusikklaget leia av Arne Draugsvoll i Herøysund er opptekne av gamle dansetradisjonar og synest det er trist at folkedansen er i ferd med å gå i grav i Kvinnherad. I adventkonserten vil ein få oppleve folkedans slik han skal spelast i distriktet og Draugsvoll lovar minst 3 slåttar i to avdelingar. Dei kjem til å by på svingande, tradisjonell folkedans.

Det ligg an til å verta ein triveleg kveld, også med utlodning og servering av kaffi og kaker.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen